



Kålås Bygg AS
Torvhusmyrane 2
5913 EIKANGERVÅG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 19/69 - 19/2543

Saksbehandlar:
Eilin Houlison Molvik
EilinHoulison.Molvik@lindas.kommune.no

Dato:
25.01.2019

Førebels svar med trong for tilleggsdokumentasjon- gbnr 106/6 Fanebust

Tiltak: oppretting av grunneigedom
Byggjestad: Gbnr: 106/6
Tiltakshavar: Lars Arne Kolås
Ansvarleg søkjar: Kålås Bygg AS

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 10.01.2019. Søknaden vert no sendt på høyring til regionale og lokale planmynde.

Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig.

Nabovarsel

Vi kan ikkje sjå å ha motteke gjenpart av nabovarsel.

Teikningar

Innsendt situasjonsplan er ikkje påført lengder på ønska grenseliner.

Plassering av bustad på omsøkt parsell og avstand til ønska grense mot veg er mindre enn 4 meter, plasseringa er i strid med plan- og bygningslova § 29-4. Det må leggest ved naboerklæring for skissert avstand til nabogrense.

Rettigheter

Det er ved søknad lagt ved dokument som gjev ny parsell rett til området som er søkt frådelt. I tillegg til vegrett må det dokumenterast rett til å etablere, drifte og vedlikehalde trase for vatn- og avløpsleidningar fram til kommunalt nett, rettighet til veg-, vatn- og avløpstrase bør tinglysast. Vi legg ved skjema utarbeida av Statens kartvert for erklæring om rettighet i fast eigedom.

Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Gjenpart av nabovarsel.



2. Situasjonsplan påført lengder på nye grenseliner.
3. Naboerklæring.
4. Dokumentere rett til å etablere, drifte og vedlikehalde trase for veg, vatn og avløp, vi legg ved Statens kartverk sitt skjema «erklæring om rettighet i fast eiendom».

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 15.02.19. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forsenkingar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Eilin Houlison Molvik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

erklæring om rettighet i fast eiendom
naboerklæring skjema vnr 20160203
Kartutsnitt grunnkart matrikkel gbnr 106_6

Kopi til:

Kålås Bygg AS	Torvhusmyrane 2	5913	EIKANGERVÅG
Lars Arne Kolås	Fonnestvegen 170	5955	LINDÅS
Lars Arne Kolås	Fonnestvegen 170	5955	LINDÅS

Mottakarar:

Kålås Bygg AS	Torvhusmyrane 2	5913	EIKANGERVÅG
---------------	-----------------	------	-------------